



Stefedrar truleg overrepresenterte i barnedrap

Publisert: 14. mars 2013

Oppdatert: 2. oktober 2013, 11:18

[/2013/03/stefedrar-truleg-overrepresenterte-i-barnedrap#disqus_thread](#)



Martin Toft, Uniforum

Liker

0

Tweet

0

(http://www.addthis.com/bookmark.php?v=300&winname=addthis&pub=ra-51b596035051534a&source=tbx-300&lnq=nbnos&s=linkedin&url=http%3A%2F%2Fpahoyden.no%2F2013%2F03%2Fstefedrar-truleg-overrepresenterte-i-barnedrap&title=Stefedrar%20truleg%20overrepresenterte%20i%20barnedrap%20%7C%20P%C3%A5H%C3%B8yden&ate=AT-ra-51b596035051534a/-52cd1fb759825d04/2&frommenu=1&uid=52cd1fb7d4ad97d5&ufbl=1&ct=1&pre=https%3A%2F%2Fwww.facebook.com%2F&tt=0&captcha_provider=nucaptc)

Stefedrar er overrepresenterte i barnedrapssaker. Det er eitt av funna UiO-forskar Vibeke Ottesen truleg kan gjera i kartlegginga av omfang og kjenneteikn ved barnedrap i Noreg frå 1990 til og med 2009.

I Christoffer Gjerstad Kihle-saka frå Vestfold var det stefaren som blei dømd for å ha mishandla den åtte år gamle guten til døde, medan mora har fått ein dom på vilkår for å ha vore ein passiv tilskodar til det som skjedde.

Kriminolog og psykolog Vibeke Ottesen er no i ferd med å skaffa seg eit oversyn over alle barnedrap i Noreg mellom 1990 og 2009. Opplysingane skal ho bruka i doktoravhandlinga si i psykologi.

– Forsking i andre land viser at det som er typisk for barnedrap utførte av stefaren, er at han har overtatt ansvaret for å oppdra barnet til den nye sambuaren eller kona. Det skjer ofte med eit ynskje om å disciplinera barna, og dersom ingen set grenser, kan valden bli dødeleg, seier Vibeke Ottesen til Uniforum. Ho vil gjerne understreka at det er fleire slike tilfelle i land der det er tillate å slå barn, enn i land der det er forbode.

– I Noreg er det både få drap og få barnedrap samanlikna med til dømes USA. Men likevel er det likskapar mellom barnedrap her i landet og i USA, seier ho.

– Genetiske foreldre grip ikkje like fort til vald

Ottesen viser til forsking på foreldreprsykologi og evolusjonspsykologisk teori for å forklara skilnadene mellom barnedrap utført av genetiske foreldre og steforeldre.



– Dei genetiske foreldra har langt sterkare kjensler for barna enn det stefaren som regel har. Dei grip difor ikkje like fort til vald, trur ho. – Steforeldre har sterke kjensler for den nye partnaren, men opplever ikkje så sterke kjensler for stebarna. Det kan lett føra til konfliktar. Men barnedrap er sjølvsagt ei ekstremåtferd, legg ho til.

I Noreg har det truleg aldri vore så mange stefedrar som i dag. Det vil ikkje seia at det er større fare for barnedrap her i landet i dag enn før.

– På ingen måte. Men ein må vera merksam på at steforhold kan ha høgare konfliktnivå, og ikkje alle familiar klarer å løysa konfliktar på eiga hand, konstaterer ho.

I Christoffer-saka i Vestfold var det tydeleg at guten var blitt mishandla med synlege merke etter slag og spark på kroppen hans. Nokre reagerte på det, men ingen hindra det.

– Saka har fått mykje merksemd, og det hjelper å auka medvitet om at barn som blir utsett for vald, kan døy av skadane. Men ikkje alle barnedrap er eit resultat av langvarig vald. Det er sjeldnare at genetiske foreldre har vore valdelege mot barnet, før dei drep det, understrekar Ottesen.

Stemørdrer mishandlar først

– *Hender det ikkje at stemørdrer også kan bli valdelege når dei flyttar inn til ny mann som har barn frå før?*

– Det er vanskeleg å forska på barnedrap utførte av mødrer sidan mødrene som oftast får forsørgjaransvaret ved samlivsbrot. Men ein studie som samanlikna genetiske mødrer og fedrar med stemørdrer og stefedrar, fann at når stemørdrer stod bak barnedrapet, så var forsøminga og mishandlinga deira av barnet før drapet, meir alvorleg enn når stefedrar stod bak drapet, fortel Ottesen.

Straffar sjeldan mødrer som drep nyfødde

På eitt område er det likevel nesten alltid mora som står bak drapet på barnet.

– Ja, det er i dei tilfella der nyfødde barn blir drepne i løpet av dei første 24 timane etter fødselen. Desse mødrene førestiller seg at dei ikkje kan fostra opp barnet. Dei er redde for at graviditeten skal bli oppdaga av partnaren eller annan familie, og held graviditeten hemmeleg. og dei føder barnet heime, på toalettet på arbeidsplassen eller ein heilt annan stad. I staden for å søkja hjelp til fødselen, føder dei barnet åleine, før dei tar livet av det. I Noreg er ingen domfelt for slike drap i åra 1990 til 2009. Men det tyder ikkje at slike drap ikkje har skjedd, presiserer Ottesen. Ho viser til at internasjonalt så ser ein at mødrer som drep nyfødde, ofte ikkje blir straffa for det.

– Riksadvokaten i England og Wales uttalte på 1990-talet at det ikkje var i samfunnet si interesse å ta ut tiltale mot desse kvinnene. Men kva med barna sitt rettsvern? Dei må ha den same retten til å leva som dei vaksne, poengterer Ottesen.

Andre kvinner i same situasjon prøver å unngå å ta livet av barnet. – Dei plasserer det på ein offentleg plass, som i tilfellet der eit nyfødd barn blei funne i ein park i København nyleg, eller i eit nabolag, slik som var tilfellet med «Stavanger-babyen» i 2009. I det siste tilfellet døydde barnet. Mange ser det som noko heilt anna moralsk og juridisk å setja eit barn på ein plass der det kan bli funne i live, enn å ta livet av det, men psykologien og omstenda er ofte dei same, slår Ottesen fast.

– *Kva andre årsaker fører til at vaksne går så langt at dei tar livet av barn?*

– Det kan skje på grunn av samlivsbrot, psykisk liding og sjølvmur.

Alle data ho samlar inn, vil ho få frå arkivet over alle dommar i slike saker, men også frå Kripo sitt drapsregister. Barnedrapa handlar om alle drap på personar under 18 år utførte av foreldre eller steforeldre frå 1990 til 2009.

Håpar funna kan hindra barnedrap

– Det teoretiske rammeverket eg nyttar for å utvikla hypotesar, identifisera risikofaktorar og tolka resultata, er henta frå evolusjonpsykologi. Difor gjer eg studien som gjesteforskar på Senter for økologisk og evolusjonær syntese (CEES) ved Institutt for biovitenskap, der eg samarbeider med professor Tore Slagsvold. Eg har alltid studert tverrfagleg. I ein studie som dette får eg nyitta kunnskapen min både innanfor kriminologi, psykologi og biologi.

– Kva vil du oppnå med denne avhandlinga?

– Eg vil kartleggja kva som kjenneteiknar barnedrap i Noreg. Slik kan eg avdekkja kva som utgjer ein sårbar faktor. Dette er kunnskap som styresmaktene, hjelpeapparatet og alle me andre treng for å kunna hindra slike drap.

Forrige artikkel:

Flertallet vil ha Ottersen (/2013/03/flertallet-vil-ha-ottersen)

Neste artikkel:

Dialog og styringsdialog

(/2013/03/dialog-og-styringsdialog)

0 kommentarer

★ 0



Start diskusjonen...

Best ▾ Felleskap Min Disqus ↗ 99

Del ↗

Rune Fardal ▾

Be the first to comment.

✉ Abonnér

Legg Disqus til på din nettside

SISTE (/2013/03/STEFEDRAR-TRULEG-OVERREPRESENTERTE-I-BARNEDRAP?QT-MORE_ARTICLES_FILTER=0#QT-MORE_ARTICLES_FILTER)

MEST LEST (/2013/03/STEFEDRAR-TRULEG-OVERREPRESENTERTE-I-BARNEDRAP?QT-MORE_ARTICLES_FILTER=1#QT-MORE_ARTICLES_FILTER)



Mangler klare karriere løp (/2014/01/mangler-klare-karrierelop)

(/2014/01/mangler-klare-karrierelop)

Teknisk/administrativt tilsatte i akademia savner klare kriterier for hvordan de skal klatre på karrierestigen og få høyere lønn.



To innbrudd på én uke (/2014/01/innbrudd-pa-en-uke)

Natt til tredje januar ble ein innbruddstv tatt på fersken i Fysikkbygget. Natt til tirsdag fikk bygget besøk igjen.

(/2014/01/inbrudd-pa-en-uke)



Omlegging til sykkelvei skaper køer (/2014/01/omlegging-til-sykkelvei-skaper-koer)

(/2014/01/omlegging-til-sykkelvei-skaper-koer)

Fra neste uke starter omlegging av deler av Lars Hilles gate til sykkelvei. Det gir utfordringer for bilister som skal til Nygårdshøyden. Se hvor du bør kjøre denne vinteren.



Vil trappe ned norsk oljeutvinning (/2014/01/vil-trappe-ned-norsk-oljeutvinning)

Professor og universitetsstyremedlem Peter M. Haugan meiner vi ikkje bør gi fleire konsesjonar til olje- og gassutvinning i Noreg, og heller trappe ned utvinninga. Forsking som fører til meir utvinning er eit etisk dilemma, meiner han.

(/2014/01/vil-trappe-ned-norsk-oljeutvinning)



Studentene knuser de ansatte på treningskort (/2014/01/studentene-knuser-de-ansatte-pa-treningskort)

(/2014/01/studentene-knuser-de-ansatte-pa-treningskort)

Seks av ti bergensstudenter har treningskort på SiB. Treningsviljen er langt fra like stor blant de ansatte.



Forskar med dei beste (/2013/12/forskar-med-dei-best)

- I ein forskarkarriere må ein rekne med å flytte fleire gonger. Det vert lettare når ein har tatt det første steget, seier Beate Krøvel Humberset. Dette året er ho Fulbright-stipendiat i USA.

knuser-de-
ansatte-pa-
trenings)



BRIKS: Her er de beste universitetene (/2013/12/her-er-de-bestе-universitetene)
 For første gang er universitetene i de såkalte «fremvoksende økonomiene» rangert av Times Higher Education. Se hvem som toppler lista.

er-er-de-

beste-
universitete
ne)

dei-bestе)



Slutt for marin forskning på Espeland?
 (/2013/12/slutt-marin-forskning-pa-espeland)

En ny godshavn på Flesland vil true forskningen som skjer ved Marinbiologisk stasjon på Espeland, frykter instituttleder Anders Goksøyr.

utt-marin-
forskning-
pa-
espeland)

Meld deg på vårt nyhetsbrev og få oppdateringer rett til din e-post!

E-post

MELD PÅ

På Høyden er Universitetet i Bergen si uavhengige avis, som siden januar 2001 blir publisert på internett. På Høyden blir redigert etter Redaktørplakaten, Tekstreklameplakaten og Ver varsamplakaten.

Om På Høyden

Redaksjonen

Send debattinnlegg

Tips oss

RSS

Kontoradresse

Christiesgate 13
 5007 Bergen

Postadresse

På Høyden
 Pb 7800
 5020 Bergen

Design: [Tank](#) | Nettløsning: [Ramsalt](#)